

Merknader til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i 2013

Til § 1 Formål

Formålet til forskrifta fell langt på veg saman med formålet i akvakulturlova § 1. Målet er blant anna å leggje til rette for ei berekraftig og konkurransedyktig næring som kan bidra til auka matproduksjon, aktivitet og verdiskaping langs kysten. Vi viser i den samanhengen til Ot.prp. nr. 61 (2004-2005), sjå særleg s. 53. Med denne tildelingsrunden er det vidare eit særskilt mål å stimulere til realisering av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i havbruksnæringa. Særleg tek tildelingsrunden sikte på å medverke til å kommersialisere løysingar som er prøvde ut i praksis, forska på og funne å ha gode miljøresultat. For meir uprøvde løysingar, finst det òg ei ordning med FOU-løyve. Desse blir løpande tildelt, og utan vederlag, etter søknad til Fiskeridirektoratet.

Formålet må sjåast i samheng med dei miljøutfordringane som havbruksnæringa har med rømming av oppdrettsfisk og lakselus. Risiko blir gjerne skildra som sannsyn x konsekvens. Formålet – å " redusere miljøutfordringane " – inneber at sannsynet for at ei hending skal skje må reduserast eller at verknaden av hendinga blir redusert samanlikna med dagens situasjon.

Til § 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld tildeling av 45 matfiskløyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure. 35 av løyva krev innløyving av eit gjeldande løyve, dvs. at eit av dei gjeldande løyva til søkjaren får vilkår tilsvarande det nye løyvet. Den regionale fordelinga av løyva går fram av §§ 10, 11 og 14.

Løyva er avgrensa til 780 tonn maksimalt tillaten biomasse (MTB). For Troms og Finnmark er avgrensinga på 945 tonn, sjå forskrifta §§ 3, 10, 11 og 14.

Til § 3. Sakleg verkeområde for forskrifta og fordeling av løyve i denne runden

Føresegna fortel at det er oppretta tre separate grupper, der det innanfor kvar gruppe blir konkurrert om eit fast tal på løyve. Spesielt for Gruppe A er at denne gruppa igjen er delt opp i to konkurransar, ein for Finnmark og ein for Troms. Innanfor kvart av desse fylka blir det konkurrert om eit visst tal på løyve.

§ 3 fastset kva deler av forskrifta som gjeld for dei enkelte gruppene. Del I og V er fellesføresegner og gjeld for alle gruppene, medan kapitla II-IV har særskilte verkeområde.

Til § 4. Utlysing av løyve

Fiskeridirektoratet står for utlysinga av løyva. Føresegna nemner minimumskrava som utlysinga skal innehalde. Fiskeridirektoratet vil utarbeide søknadsskjema med spesifikasjonar over dei naudsynte opplysningane. Det er nær samanheng mellom §§ 4 og 5.

Til bokstav b)

Utlysinga skal innehalde ein absolutt søknadsfrist. Søkjaren ber risikoen for at søknaden ikkje kjem fram innan fristen. Søknader som kjem inn etter fristen vil bli avviste. Departementet tilrår bruk av rekommendert brev.

Til bokstav c)

Det er ikkje mogleg å endre søknaden etter fristen. Dette kjem av den særlege karakteren som tildelingsrunden har – der ein konkurrerer om å ha ei best mogleg løysing. Dersom éin av aktørane skulle få høve til å endre sin søknad, vil dette av omsyn til lik behandling, føre til at alle får same moglegheit. Effektivitetsomsyn seier difor klart nok at det ikkje kan opnast for å supplere eller endre søknaden etter at søknadsfristen har gått ut.

Til bokstav d)

Med krav til søknaden siktar ein til kva krav som må oppfyllest for at søknaden skal takast under behandling.

Til § 5 Innhald i søknaden

Søknaden må vere **fullstendig** innan fristen og skal som minimum innehalde dei opplysningane som går fram av § 5. For dei som skal søkje om løyve i **Gruppe B, gjeld i tillegg særskilde krav, sjå § 12.**

Til bokstav a)

Det må gå fram av søknaden kva gruppe søknaden gjeld. Det kan berre søkjast om eitt løyve per skjema. Dette betyr at dersom ein til dømes søkjer om løyve i to ulike grupper, må ein sende inn to søknader. Det må sendast inn opplysingar om kva fylke søknaden gjeld. Dette er særleg relevant når det gjeld Gruppe A, men også for å fordele midlane som skal til fylkeskommunen.

Til bokstav b)

Prioriteringskriteria slik dei er nemnde i §§ 10 (Gruppe A), 13 (Gruppe B) og 14 (Gruppe C) gir informasjon om kva omsyn som vil vere avgjerande ved utveljinga. På denne måten blir det opp til søkjaren sjølv å vise i kva grad kriteria blir oppfylte. For søkjaren er det naudsynt å setje seg nøye inn i kva kriteria går ut på, og beskrive korleis han vil oppfylle dei.

Det er med andre ord søkjaren sin dokumentasjon som er avgjerande for om han vinn fram, og det er difor vesentleg at søkjaren legg ved ei grundig og god framstilling. Det er også presisert at det skal

leggjast ved dokumentasjon på korleis styresmaktene og/eller tredjepart kan føre tilsyn med at den løysinga som er foreslått har den effekten som søkjaren meiner ho skal ha.

Til bokstav c)

Søknaden skal vidare innehalde opplysningar om kva løyve som eventuelt skal løysast inn (jf. § 6 i forskrifta). I Gruppe A må løyvet vere i den av Fiskeridirektoratets regionar der det nye løyvet skal etablerast.

Til bokstav e)

Dokumentasjon på at vederlaget kan betalast kan for eksempel vere bindande stadfesting frå finansieringsinstitusjon, eventuelt som lånetilsegn for det aktuelle beløpet.

Det går fram av siste ledd i føresegna at søknader som ikkje inneheld opplysningar nemnt i bokstav a og c-e blir avviste.

Til § 6 Innløysing av løyve

Innløysing av løyve er eit obligatorisk krav for dei som får løyve i gruppene A og B. Kravet inneberer mellom anna at søkjaren må vere ein eksisterande aktør. Innløysing av løyve betyr at innehavaren sitt løyve får nye vilkår, dei same som blir stilt til det nye løyvet. I Gruppe A må løyvet som skal løysast inn liggje innanfor same region som det nye løyvet skal etablerast i og vere eit matfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure.

Det går fram av § 16 at eit nytt løyve kan bli trekt tilbake ut frå visse forhold. I slike tilfelle blir det innløyste løyve tilbakeført på opphavlege vilkår.

Andre ledd

Av andre ledd går det fram at vilkåra trer i kraft to år etter vedtak om innløysing. **Dette gjeld berre det innløyste løyvet.** Dette vedtaket vil bli gjort samstundes med at *tilsegn* om løyve blir gitt. Fristen fell saman med reglane om tilbaketrekking av løyve på bakgrunn av passivitet, sjå forskrift 22. desember 2004 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften) § 38.

Til § 7 Vederlag og rett til drift

Første ledd

Ved tilsegn om løyve skal det betalast eit vederlag til staten. Vederlaget skal betalast til Fiskeridirektoratet, og søkjar er sjølv ansvarleg for å dokumentere at summen er betalt innan nemnde frist. Vederlaget er sett til 10 millionar kroner per løyve for løyve i Gruppe A og Gruppe C. Vederlaget for løyve i Gruppe B tilsvarar det aksepterte bodet. Det går fram av føresegna at søkjarane i Gruppe B er bundne av boda sine, inntil alle vederlag for løyve i gruppa er betalt.

Andre ledd

Det er sett ein absolutt frist på 30 dagar etter at søkjaren har mottatt endeleg tilsegn, inkludert helgedagar og heilagdagar, for betaling av vederlaget. "Endeleg tilsegn" betyr at klagebehandlinga i den aktuelle gruppa er ferdig. Den som får tilsegn vil få beskjed om dette når endeleg tilsegn føreligg.

Dersom søkjaren som har fått tilsegn ikkje kan dokumentere overfor Fiskeridirektoratet at det er betalt innan fristen, vil tilsegna bli trekt tilbake og ny tilsegn bli gitt til ein annan søkjar. Vederlag som er innbetalt vil ikkje bli refundert dersom ein søkjar ønskjer å seie frå seg tilsegna etter at vederlaget er betalt.

Tredje ledd

Eit løyve til havbruk består av ein rett til produksjon av ein bestemt art i eit bestemt omfang på ein gitt lokalitet. Det inneber at ei tilsegn om løyve ikkje gir rett til drift før det er knytt ein lokalitet til løyvet. Dette kan skje gjennom å klarere ein ny lokalitet eller knyte ein eksisterande lokalitet til løyvet. Ei tilsegn om løyve gir likevel ingen *rett* til å få utvida ein eksisterande lokalitet eller klarert ein ny. Klarering av nye og/eller utviding av eksisterande lokalitetar vil følgje vanleg prosedyre for denne typen søknader.

Vidare går det fram at løyvedokument ikkje skal skrivast ut før forvaltninga har endeleg avgjort alle klagar i den aktuelle gruppa.

Til § 8 Søknadsgebyr

For denne tildelingsrunden skal det betalast gebyr på kr 12.000,- per løyve det blir søkt om. Gebyret vil også omfatte éi lokalitetsklarering dersom det blir gitt tilsegn. Gebyret omfattar ikkje gebyr som blir pålagde av andre sektorstyresmakter i samband med søknad om lokalitetsklarering.

Dokumentasjonen kan vere stempla kvittering frå post eller bank, nettbankkvittering påklistra originaloblat eller kontoutskrift (også frå nettbank) som viser utført belastning av gebyr og at Fiskeridirektoratet er mottakar. Gebyret skal betalast til kontonr. 7694 05 09048 og merkast "gebyr havbruk". Innbetalt gebyr blir ikkje refundert dersom søknaden ikkje blir innvilga.

Til § 9 Vilkår

Eit sentralt formål med tildelinga av nye løyve er å stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i havbruksnæringa. Erfaringane som blir hausta med dei løysingane som blir tekne i bruk for å oppfylle kriteria kan vere

viktige for å sikre ei vidare utvikling av havbruksnæringa. Departementet har difor stilt som eit generelt vilkår at "Kunnskap og erfaringar som blir hausta i bruk av løysingar som vinn fram ved tildeling av løyve etter denne forskrifta skal delast slik at det kjem heile akvakulturnæringa til gode". Vilkåret samsvarar med vilkåret som er stilt for tildeling av løyve til stor settefisk, sjå forskrift 17. juni 2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg § 55.

Andre ledd

Det går fram av forskrifta § 9 andre ledd at det skal setjast vilkår som medverkar til at dei kriteria som er avgjerande for tildelinga blir etterlevd. Som det går fram *skal* det setjast vilkår – tildelingsstyresmaktene kan difor ikkje la vere å setje vilkår. Dersom til dømes søkjaren vinn fram fordi løysinga inneber eit nullutslepp av lus, må det setjast som vilkår at det ikkje kan sleppast ut lus frå anlegget. Vilkåra vil gjelde særskilt for det einskilde løyvet, og uavhengig av eigar. Det vil seie at dersom løyvet blir selt, vil vilkåra gjelde for den nye eigaren.

Det er viktig at formålet med tildelinga av løyva blir gjennomført i praksis, og at vilkåra som blir stilt i løyva så langt som mogeleg lèt seg kontrollere. På bakgrunn av dette må tildelingsstyresmaktene, litt avhengig av den løysinga søkjaren forpliktar seg til å ta i bruk, vurdere å krevje til dømes forbod mot samlokalisering og samdrift, eventuelt at drifta skal skje i separate driftseiningar. Ved tildeling av løyve til ein mindre aktør, skal det ikkje setjast som vilkår at løyvet ikkje kan omsetjast til ein aktør som ikkje er ein "mindre aktør", eller liknande.

Kapittel II. Gruppe A – Finnmark og Troms

§ 10. Tildeling av løyve i Finnmark og Troms

Første ledd

Det skal tildelast 10 løyve i Finnmark og 10 løyve i Troms. Kwart løyve er avgrensa til 945 tonn MTB. Dette betyr at det er **to hovudkonkurransar** innanfor Gruppe A, ein i kvar av fylka.

Andre ledd

Av andre ledd går det fram at fem av løyva i Finnmark og fem av løyva i Troms er øyremerkte mindre aktørar i næringa. Formålet med kriteriet er å styrkje slike verksemder innanfor havbruksnæringa, og dermed medverke til å halde oppe ein variert eigarstruktur.

Kriteriet om "mindre aktør" inneber at det reelt sett vil vere to konkurransar i kvart av dei to fylka. Ein der alle kan delta og ein for mindre aktørar. Om ikkje alle løyva til dei mindre aktørane blir tildelt, kan dei resterande gå til større aktørar, jf. § 10 andre ledd siste punktum.

Vurderinga av kva søkjarar som kan kategoriserast som "mindre aktørar" heng saman med ulike vurderingstema. I forskrifta sin forstand er søkjar den som søker om eit løyve til laks, aure og regnbogeare.

"Aktør" er i denne sammenhengen ein s kj r, normalt eit selskap. Dersom selskapet er ein del av eit konsern, er det konsernet som blir rekna som "akt r". Difor m  ein opplyse i s knaden om ein tilh yrer noko konsern. Kva som utgjer eit konsern f lgjer av rekneskapslova   1-3.

"Mindre akt r" i denne sammenhengen refererer til akt rar som har matfiskl yve til laks, aure og regnbogeaure, jf. vilk ret etter   6 om innl sning av eksisterande l yve. I vurderinga av om s kjaren er ein mindre akt r er det berre akt ren sine l yve til matfisk av laks, aure og regnbogeaure som skal leggjast til grunn. F lgjeleg m  det opplysast om talet p  l yve til laks, aure og regnbogeaure i s knaden. "Mindre akt rar" skal i forskrifta sin forstand tolkast som det som blir kalla sm  og mellomstore selskap i " konomiske analyser akvakultur 2011" utgitt av Fiskeridirektoratet, dvs. akt rar med inntil 19 l yve til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure p  nasjonalt niv .

Tredje ledd

Innleiing

I tredje ledd kjem kriteria for tildelinga av l yve i Troms og Finnmark fram. Form let med utforminga av kriteria i   10 tredje ledd er   stimulere til   utvikle nye teknologiske eller driftsmessige l ysingar som legg til rette for   redusere milj utfordringane i havbruksn ringa. Milj utfordringane i havbruksn ringa er no (p  kort og lengre sikt) s rleg knytte til r mning og lakselus, og kriteria tek omsyn til dette. Kriteria er meint   vere teknologin ytrale, slik at ikkje forvaltninga legg f ringar p  kva l ysingar som kan foresl ast. Kriteria er s leis utforma som effektkrav.

Den l ysinga s kjaren forpliktar seg til   bruke m  ogs  tilfredsstille andre krav. Dette gjeld til d mes dokumentasjon p  om l ysinga tek omsyn til fiskevelferd, jf.   20 andre ledd i akvakulturdriftsforskrifta. Dette omsynet blir teke vare p  gjennom lokalitetsklareringa, og **vi gjer merksam p  at tilsegn om l yve etter denne forskrifta ikkje inneber noko godkjenning p  lokalitetsniv .**

Lokalisering av eit oppdrettsanlegg har utan tvil verknad for b de lakselus og r mning. Ved   plassere eit anlegg langt til havs blir det mindre sannsynleg at ein r mt oppdrettsfisk finn ei elv   symje opp i, og det vil ogs  f re til at utvandrande laksesmolt blir mindre p verka av lakselus. Men form let med denne tildelingsrunden er   stimulere til utvikling og implementering av ny teknologi og nye produksjonsl ysingar. Lokalisering vil difor ikkje vere eit kriterium i tildelingsfasen. Tildelingsstyresmaktene vil heller ikkje vurdere forhold - med unntak for dei som f lgjer av kriteria - som blir vurderte under lokalitetsklareringa, til d mes plassering av anlegg med omsyn til vandringsruter for villfisk, smitterisiko mv.

N rare om kriteria

Av tredje ledd g r det fram at s kjaren skal forplikte seg til   ta i bruk ei teknologisk eller driftsmessig l ysing som, "samanlikna med l ysingar som er i alminneleg kommersiell bruk, reduserer milj utfordringane...". Dette utelukkar l ysingar som *er i alminneleg kommersiell bruk*.

I tillegg til dette, at l ysinga ikkje kan vere i alminneleg kommersiell bruk i dag, m  l ysinga tilfredsstille eit av dei to kriteria, r mning *eller* lakselus.

Rømming

Det første kriteriet er formulert slik at løysinga må innebere "reduisert risiko for at akvakulturproduksjonen vil påverke vill laksefisk som følgje av rømming."

Risikoen for påverknad på vill laksefisk som følgje av rømming kan reduserast ved at:

- Anlegget er konstruert på ein måte som gjer at faren for rømming er mindre enn ved dagens typiske oppdrettsanlegg.
- Fisken i anlegget har slike eigenskapar at dersom rømming likevel skulle skje vil konsekvensane av dette vere mindre enn ved rømming frå dagens typiske oppdrettsanlegg.

Kriteriet er teknologinøytralt. Det tyder at løysingar som reduserer påverknaden på ville bestandar av laksefisk i form av utstyr o.a. utanfor lokaliteten (til dømes fiskefeller i nærliggjande vassdrag) ikkje vil vere kvalifiserande, jf. setninga i forskrifta § 10 tredje ledd bokstav a om at "løysinga skal vere knytt til akvakulturanlegget eller biomassen i anlegget". Det er opp til søkjaren å foreslå tiltak som reduserer risikoen for påverknad på ville bestandar av laksefisk som følgje av rømming. Søkjaren må leggje fram dokumentasjon på at dei foreslåtte løysingane faktisk inneber ein redusert risiko for slik påverknad, sjå også § 5.

Den reduserte risikoen skal vere markert (ha ei viss trinnhøgde) samanlikna med dagens løysingar. Heilt marginale fordelar samanlikna med vanlege brukte løysingar vil ikkje bli godtekne av tildelingsstyresmaktene. Departementet viser i denne samanhengen til kriteriet om lus, der det er foreslått eit konkret effekttal, som kan samanliknast med krava stilt i forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg. Forholdet mellom krava her gir ei viss rettleiing om kva trinnhøgde som må til. Departementet innser at konkret talfesting av redusert risiko i denne samanhengen kan vere utfordrande. Søklar skal likevel, basert på den dokumentasjonen som er vedlagt, prøve å anslå redusert risiko for rømming, eller redusert skadepotensial dersom rømming skjer, ved bruk av løysinga til søkjaren samanlikna med dagens typiske oppdrettsanlegg.

I kva grad søkjaren si løysing inneber redusert risiko for rømming vil difor bli skjønsmessig vurdert av tildelingsstyresmaktene.

Departementet vil nedanfor gi nokre eksempel (ikkje uttømmende) på løysingar som avhengig av innretninga kan tenkjast å tilfredsstille minimumskravet i kriteriet om tiltak for å redusere faren for og konsekvensane av rømming:

- Løysingar som overgår tryggleikskrava som blir stilt i NS-9415.
- Redusere/eliminere slitasje som kan auke risikoen for rømming.
- Ekstra sikring under drift (Ved menneskeleg svikt, teknisk svikt eller rutinesvikt vil eit støttesystem likevel hindre fisk i å rømme).
- Løysingar for betre kontroll/overvaking av nøter/merdar for å hindre rømming.

- Fisken i anlegget har slike eigenskapar at dersom rømming likevel skulle skje, vil konsekvensane av dette vere mindre enn om ein "ordinær" oppdrettsfisk rømmer.

Lakselus

Departementet har her valt å setje eit konkret effektkrav for lakselusutslepp til miljøet ikring anlegget, men set også eit alternativt krav – om påslag av lakselus på oppdrettsfisken. For tildeling av løyve må den teknologiske eller driftsmessige løysinga som søkjaren skal nytte sikre at utsleppa av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) frå biomassen i anlegget til miljøet ikring ikkje er større enn utsleppet ville vore frå tilsvarende biomasse dersom fisken i gjennomsnitt hadde eit lusenivå på 0,25 vaksne holus. Alternativt skal løysinga sikre at det til ei kvar tid er færre enn 0,25 vaksne hoer av lakselus i gjennomsnitt per fisk, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6. Etter denne forskrifta er kravet eit gjennomsnittleg nivå på 0,5 vaksne holus per fisk. Kravet for å få eit grønt løyve er difor ei klar innstramming jamstilt med gjeldande regelverk.

Grensa for utslepp eller påslag av lakselus skal kunne haldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle/kjemiske behandlingar, inkludert pålagte fellesavlusingar per produksjonssyklus. Formålet er å sikre at det er dei driftsmessige eller teknologiske løysingane som sørgjer for at lusenivået blir halde lågt, ikkje kjemiske middel. Grensa gjeld difor også kjemiske middel som ikkje fremmer resistens, slik som hydrogenperoksid. Lusemidla som i dag er godkjente, fremmer på den andre side resistens, og er difor uheldige på sikt.

Utover effektkravet er kriteriet teknologinøytralt. Det er difor opp til søkjar å foreslå tiltak som bevisleg sikrar eit luseutslepp innanfor de grenser som er sette, men det kan vere grunn til å presisere at også tiltak som hindrar lusepåslag kan vurderast som relevante.

I kva grad søkjaren si løysing sikrar eit luseutslepp som er innanfor dei gitte grensene vil bli skjønsmessig vurdert av faggruppa.

Fjerde ledd

Dersom det er fleire søknader som tilfredsstillar minimumskriteria enn tilgjengelege løyve, vil den som er best etter ei *samla vurdering av kriteria* (lus og rømming) vinne fram, jf. første punktum i fjerde ledd. Avgjerande er då kva løysingar som har størst potensial for samla miljøforbetring ut frå kriteria.

Miljøpotensialet skal vurderast etter kva løysingar som samla sett, med omsyn til både lus og rømming, er best eigna til å redusere havbruksnæringa sine miljøutfordringar. Det er ikkje mogeleg å avgrense vurderinga geografisk etter kva miljøutfordringar som særleg gjer seg gjeldande i til dømes nærmiljøa til søkjaren. Vurderingar knytt til lokalmiljø vil likevel komme inn ved spørsmålet om lokalitetsklarering. Krava til desse vurderingane kan ikkje lempast. Departementet har heller ikkje vege dei to miljøutfordringane mot kvarandre, då dei begge er rekna som viktige å løyse. For begge kriteria vil departementet presisere at det ikkje blir godteke løysingar som reelt sett inneber ei mindre god løysing for miljøet samanlikna med dei løysingane som blir brukte i vanleg kommersiell

drift. Dette gjeld sjølv om løysinga isolert sett inneber forbetringar på eitt av områda lus eller rømming, sjå også femte ledd.

Det går vidare fram av føresegna at det også skal leggjast vekt på om det er mogeleg å kontrollere og føre tilsyn med at den løysinga som søkjaren forpliktar seg til å bruke verkar etter formålet. Søkjaren skal etter § 5 bokstav b skildre korleis dette kan gjerast, og det vil vere mogleg for tildelingsstyresmaktene å stille vilkår i løyvet for å forplikte søkjaren på dette punkt. Dette gjeld særleg der søkjaren legg opp til meir spesielle kontrollregime, til dømes kontroll av rømming gjennom merking av fisk. I kva grad det kan førast tilsyn og kontroll betyr likevel mindre i den samla vurderinga enn det samla potensialet løysinga har for miljøforbetring.

Femte ledd

Femte ledd set ei grense for kompetansen til tildelingsstyresmaktene. Krava som følgjer av akvakulturlova skal og kan ikkje fråvikast, og sjølv om ei løysing tilfredsstillar eit av kriteria kan ikkje tildelingsstyresmaktene gi eit løyve dersom ikkje krav som følgjer av akvakulturlova § 10 og 12 er oppfylte. Som det også er sagt ovanfor under *Innleiing*, skal ikkje tildelingsstyresmaktene vurdere forhold som fell inn under lokalitetsvurderinga.

Sjette ledd ledd

Av sjette ledd går det fram at det i vurderinga etter tredje og fjerde ledd skal leggjast vekt på graden av sannsyn og dokumentasjon. Verifiserte test- og forskingsresultat eller anna verifiserbar dokumentasjon frå praktisk drift vil vere vesentleg. Tildelingsrunden er i utgangspunktet ikkje oppretta for å tilgodesjå heilt uprøvde løysingar. Dette heng mellom anna saman med behovet for dokumentasjon for at den teknologiske eller driftsmessige løysinga lar seg realisere. Det er opp til søkjaren å dokumentere påstått effekt. Vi minner i denne samanheng om at det er mogleg å søkje om FoU-konsesjon.

Kapittel III. Gruppe B – Open gruppe med lukka bodrunde

§ 11. Tildeling av løyve uavhengig av region etter lukka bodrunde

Av § 11 går det fram at det skal tildelast inntil 15 løyve etter ein lukka bodrunde med prekvalifisering. Prekvalifisering betyr at departementet vil stille minimumskrav som søkjaren må oppfylle for å få delta i bodrunden. Minimumskrava er dei same som ved tildeling av løyve i Troms og Finnmark. Lukka bodrunde betyr at kvar deltakar i bodrunden berre kan levere eitt bod, og deltakaren veit ikkje om kva for andre bod som er gitt. Dette i motsetning til auksjon, der deltakarar kjenner kvarande sine bod. Løyva kan tildelast i heile landet.

Løyve som blir tildelt i Troms og Finnmark får maksimalt tillatt biomasse på 945 tonn MTB, i resten av landet vil MTB vere 780 tonn.

§ 12. Særskilde krav for søknad om løyve i Gruppe B

Første ledd

Krava i denne føresegna kjem **i tillegg** til krava i § 5. Bakgrunnen for særkrava er måten tildelinga av løyve i denne gruppa skal skje på – gjennom bodrunde.

Etter § 12 første ledd blir det stilt krav om at søknaden blir sendt med brev. Det inneber at søknaden ikkje kan sendast elektronisk, per faks, bli levert ved personleg oppmøte eller liknande. Einaste gyldige sendemåte er brev. Bakgrunnen for dette kravet er at bodet skal leverast i ein lukka konvolutt, lagt i konvolutten med søknaden. Konvolutten med bodet vil, under vurderinga av om kriteria for prekvalifisering er oppfylt, bli lagt til side, og vil først bli opna når det er klart kven som er prekvalifisert. Departementet tilrår at brevet blir sendt rekommandert, slik at det er klart om fristen for å søkje er halden.

Søknaden skal i tillegg til krava som blir stilt i § 5 innehalde ugjenkalleleg bod utan atterhald i norske kroner og dokumentasjon på betalingsevne. Dokumentasjonen på betalingsevne skal dekkje det beløpet som går fram av bodet. Dokumentasjon på at vederlaget kan betalast kan til dømes vere bindande stadfesting frå finansieringsinstitusjon, eventuelt som lånetilsegn på det aktuelle beløpet.

Andre ledd

Andre ledd fastset at bodet og dokumentasjonen skal vedleggjast søknaden i eigen, lukka konvolutt knytt til den einskilde søknaden, som skal merkast med Gruppe B og namnet til søkjaren.

Fiskeridirektoratet vil utarbeide eit eige bodskjema, som **skal** brukast. Det skal berre giast eitt bod per søknad.

Tredje ledd

Dei søknadene som ikkje oppfyller krava i denne føresegna blir avviste.

§ 14. Vilkår for prekvalifisering og fordeling av løyve

Første ledd

Føresegna set minimumskriteria for å delta i bodrunden.

Vilkåra for prekvalifisering er dei same som minimumskriteria for tildeling av løyve i Troms og Finnmark. Desse vilkåra er nærmare skildra i § 10 og ovanfor. For søkjaren betyr dette at det må skrivast ein utfyllande søknad som dokumenterer at minimumskrava er oppfylte.

Tredje ledd

Av forskrifta § 13 tredje ledd går det fram at faggruppa skal gjere vedtak om kven som er prekvalifisert, og gi avslag på dei søknadene som ikkje tilfredsstillar vilkåra. Etter forvaltingslova § 29 er fristen for å klage 3 veker frå det tidspunkt beskjed om vedtaket er kome fram til vedkomande part. Skjer underretninga ved offentleg kunngjering, byrjar klagefristen å gå frå den dagen vedtaket første gong vart kunngjort. Etter at eventuelle klagar er komne inn, vil faggruppa oppheve eller endre vedtaket dersom gruppa finn klagen velgrunna, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dersom vedtaket blir oppretthalde skal saka førebuast og sendast departementet som klageinstans så snart som mogleg, jf. fjerde ledd.

Fjerde ledd

Av fjerde ledd går det fram at departementet avgjer eventuelle klagar før faggruppa opnar boda. I ein lukka bodrunde er det berre mogleg å gi eitt bod per løyve, og dette bodet kan ikkje endrast etter søknadsfristen, jf. § 4 første ledd bokstav c. Boda vil bli opna i eit internt møte i faggruppa og rangering av bod med same pålydande skjer ved loddtrekking.

Kapittel IV. Gruppe C – Open gruppe

§14. Tildeling av løyve uavhengig av region

Første ledd

Det går fram av § 14 første ledd at faggruppa kan tildele inntil 10 løyve uavhengig av fylke eller region. Løyva kan såleis tildelast i heile landet.

Dersom løyvet skal tildelast i Troms eller Finnmark vil løyvet bli avgrensa til 945 tonn MTB, medan løyvet ved tildeling i resten av landet vil bli avgrensa til 780 tonn MTB.

Desse løyva skal tildelast på same vis som løyva i Troms og Finnmark, men kriteria i denne gruppa er strengare med omsyn til miljøet. Til gjengjeld krev ikkje tildeling av løyve innløyving av eit noverande løyve, jf. forslaget § 6 . Denne gruppa er såleis open for alle søkjarar, også dei som i dag ikkje allereie har eit løyve.

Andre ledd

Det er eit krav for å få innvilga eit løyve, også i denne gruppa, at visse kriterium blir oppfylte. Kriteria går fram av § 14 andre ledd og er alternative. Om den samla vurderinga og prioriteringa mellom søkjarar viser vi til omtalen til § 10 ovanfor.

Som det går fram av § 15 andre ledd bokstav a er det, når det gjeld påverknad med omsyn til rømmingar, eit krav om at løysinga er *vesentleg* betre enn løysingar som er i vanleg kommersiell

bruk. I ordet "vesentleg" ligg at løysinga gir monaleg mindre risiko samanlikna med løysingar som er i vanleg kommersiell bruk.

Rømming

Vesentleg redusert risiko for at akvakulturproduksjonen vil påverke vill laksefisk som følgje av rømming kan oppnåast ved at:

- Anlegget er konstruert på ein måte som resulterer i at faren for rømming er vesentleg mindre enn ved dagens typiske oppdrettsanlegg.
- Fisken i anlegget har slike eigenskaper at dersom rømming likevel skulle skje vil konsekvensen av dette vere vesentleg lågare enn ved rømming frå dagens typiske oppdrettsanlegg.

Departementet vil nedanfor gi nokre få eksempel (ikkje uttømmende) på løysingar som avhengig av innretning kan tenkjast å tilfredsstillе minimumskravet i kriteriet om tiltak for å redusere faren for eller konsekvensane av rømming vesentleg:

- Landbaserte anlegg.
- Steril fisk (dette krev at det kan godtgjerast at drifta er forsvarleg ut frå omsynet til fiskehelse og fiskevelferd).

Lakselus

Kriteriet går fram av § 14 andre ledd bokstav b. Departementet har her valt å setje eit konkret effektkrav for lakselusutslepp til miljøet ikring, men har også gitt eit alternativt krav – om påslag av lakselus på oppdrettsfisken. For tildeling av løyve må den teknologiske eller driftsmessige løysinga som søkjaren skal nytte sikre at utsleppa av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) frå biomassen i anlegget til miljøet ikring ikkje er større enn utsleppet ville ha vore frå tilsvarende biomasse dersom fisken i gjennomsnitt hadde eit lusenivå på 0,1 vaksne holus, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6. Alternativt skal løysinga sikre at det heile tida er færre enn 0,1 vaksne hoer av lakselus i gjennomsnitt per fisk, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6. Etter denne forskrifta er kravet eit gjennomsnittleg nivå på 0,5 vaksne holus per fisk. Kravet for å få eit grønt løyve i denne gruppa er difor ei vesentleg innstramming jamstelt med gjeldande regelverk.

Grensa for utslepp eller påslag av lakselus skal kunne haldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar per produksjonssyklus. Formålet er å sikre at det er dei driftsmessige eller teknologiske løysingane som sørgjer for at lusenivået blir halde lågt, og ikkje kjemiske middel. Auka bruk av medikamentell behandling fremmer også resistens mot lusemidla som i dag er godkjente, og er uheldig på sikt. Grensa gjeld også kjemiske middel som ikkje fremmer resistens, slik som hydrogenperoksid.

Utover effektkravet er kriteriet teknologinøytralt. Det er difor opp til søkjar å foreslå tiltak som bevisleg sikrar eit luseutslepp innanfor dei grensene som er sett, men det kan vere grunn til å presisere at også tiltak som hindrar lusepåslag kan vurderast som relevante.

I kva grad søkjar si løysing sikrar eit luseutslepp som er innanfor dei gitte grensene vil bli skjønsmessig vurdert av faggruppa.

Tredje ledd

Om den samla vurderinga og prioriteringa mellom søkjarar viser vi til omtalen til § 14 ovanfor.

Kapittel V – Avsluttande føresegner

§ 15. Vedtak og tilsyn

Første ledd

Vedtak etter denne forskrifta skal i første instans gjerast av eit fagleg kollegialt organ, underlagt Fiskeri- og kystdepartementet. Fagorganet skal vurdere søknadene og gjere vedtak i første instans. Organet skal ha ein kompetanse som i sum dekkjer fagområda jus, lakselus, anleggsteknologi, økologi og genetikk, og består av følgjande medlemmer:

Ove Midttun, Bergen, (Leiar, pensjonert lagdommar og settefiskeridirektør)

Karin Boxaspen, Bergen, (Havforskningsinstituttet)

Bjørn Barlaup, Bergen, (Forskningsleiar, UNI-Miljø)

Odd-Ivar Lekang, Ås, (førsteamanuensis, Universitetet for miljø og biovitenskap)

Tale Marie Karlsson Drangsholt, Tromsø, (forsker, Nofima)

Fiskeridirektoratet vil stille med sekretariat for gruppa.

Andre ledd

Departementet er klageinstans. Elles gjeld forvaltningslova sine reglar om klage. Vi gjer likevel merksam på at forvaltningslova må tolkast i lys av at tildeling av løyve skjer etter konkurranse mellom profesjonelle aktørar innanfor eit særskilt tildelingsregime. Det medfører mellom anna at forvaltninga si undersøkings- og opplysningsplikt blir innskrenka samanlikna med meir ordinære saker for forvaltninga, og at desse pliktene generelt er oppfylte gjennom forskrifta når ho er vedteken, med tilhøyrande merknader til forskrifta, utlysingstekst og søknadsskjema.

Forskrifta § 4 bokstav c bestemmer at det ikkje er mogleg å endre søknaden eller komme med tilleggsopplysningar etter at søknadsfristen har gått ut. Dette får mellom anna noko å seie for tolkinga av forvaltningslova § 34 og med det kva opplysningar klageinstansen kan leggje til grunn i si behandling.

Tredje og fjerde ledd

Tilsegna blir gitt med heimel i akvakulturlova, og når løyvet blir teke i bruk må tilsynsstyresmaktene føre tilsyn med at vilkåra som er sette i løyvet blir følgt opp. Fiskeridirektoratet vil etter § 15 tredje ledd føre tilsyn med at vilkåra knytt til rømming blir haldne, medan Mattilsynet etter § 15 fjerde ledd vil føre tilsyn med at vilkåra som gjeld lakselus blir følgt opp.

Vilkår etter denne forskrifta blir gitt med heimel i akvakulturlova.

§ 16. Tilbaketrekking

Forskrifta § 16 slår fast at løyve kan trekkjast tilbake dersom vilkåra i løyve ikkje lèt seg realisere eller vilkåra ikkje er oppfylte innan rimeleg tid etter at tilsegn er gitt. Det kan til dømes vere at innehavaren ikkje er i stand til å oppnå eit tilstrekkeleg lågt utsleppsnivå av lus. Kva som er *rimeleg* tid, vil blant anna måtte vurderast ut frå dei føresetnadene som følgjer av søknaden og vurderinga til tildelingsstyresmaktene.

Fullstendig tilbaketrekking av løyve er eit inngripande tiltak, som må brukast med varsemd. For tilsynsstyresmaktene vil det difor vere naturleg å bruke sanksjonar og reaksjonar før det blir aktuelt å vurdere tilbaketrekking av løyve. Slike reaksjonar har likevel ikkje noko formål dersom det er klart at innehavaren ikkje vil vere i stand til å oppfylle vilkåra. På grunn av løyva sin særskilde karakter er oppfylling av vilkåra ein klar føresetnad for at ordninga skal virke etter formålet, og departementet presiser i den samanheng at tilbaketrekking av løyve ikkje har eit pønalt formål.

Eit alternativ for innehavar som ikkje klarer å oppfylle vilkåra vil også vere å selje løyvet. Departementet vil i den samanheng presisere at akvakulturlova § 19 andre ledd fastset at høvet til å overføre løyve ikkje har noko å seie for styresmaktene sin bruk av verkemiddel i lova, dette gjeld også føresegna om tilbaketrekking av løyve. Ny innehavar må difor halde vilkåra som er sett i løyvet og desse vilkåra vil fullt ut gjelde for kjøparen. Seljaren sitt brot på vilkår sett i løyvet vil såleis hefte ved løyvet, også etter overføringa. I dette ligg at lova sine verkemiddel knytt til løyve kan brukast også etter overføring dersom vilkåra elles er til stades. Til dømes vil opptent passivitet hefte ved den einskilde retten også ved overføring til ny innehavar, slik at utløpsdatoen i utgangspunktet ikkje blir endra ved overføring. Det same gjeld førehandsvarsel om tilbaketrekking. Ein skal ikkje kunne unndra seg tilbaketrekking av løyve gjennom å overføre dette etter at varsel om tilbaketrekking er gitt.

Det som er nemnt ovanfor inneber likevel ikkje at Fiskeridirektoratet, ved overføring av løyvet etter at førehandsvarsel om tilbaketrekking er gitt, kan setje ein ny frist for tilbaketrekking overfor ny kjøpar. Det skal likevel ikkje setjast ny frist dersom kjøpar er ein del av same konsern som seljar.

Dersom det er grunnlag for å endre fristen, bør utsettinga av fristen vere kort, då det *skal* leggjast til grunn at ein kjøpar har tilgjengeleg tilstrekkelege verkemiddel til å halde vilkåra som er sett i løyvet.

Ved tilbaketrekking av løyve etter § 16, jf. akvakulturlova § 9, vil innehavar av løyvet ikkje få tilbakeført vederlaget, jf. forskrifta § 7 fjerde ledd. Eit løyve som er trekt tilbake vil ikkje bli tildelt på nytt. Løyve som er omgjorde etter § 6 (løyve som er innløyste), blir ved tilbaketrekking av dei nye løyva omgjorde til ordinære løyve.

§ 17. Reaksjonar og sanksjonar

Det går fram av § 15 i forslaget, at Mattilsynet og Fiskeridirektoratet vil føre tilsyn med at vilkåra blir følgde av den som får tilsegn. Ved brot på vilkåra kan styresmaktene etter § 17 gi reaksjonar og sanksjonar, slik som pålegg, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr og straff.

Som det går fram av merknaden til § 15, er vilkår gitt etter denne forskrifta, gitt i medhald av akvakulturlova. Mattilsynet skal likevel føre det daglege tilsynet med at vilkåra om lakselus blir følgd opp. Fiskeridirektoratet vil skrive ut naudsynte pålegg mv. basert på informasjon frå Mattilsynet. I den grad vilkåra i løyvet blir følgd opp av Mattilsynet ved klarering av lokalitet, kan Mattilsynet sjølv følgje opp med pålegg og eventuelle sanksjonar i medhald av matlova.